



Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

23/896 - 8

Dato

02.04.2023

Høyringsfråsegn frå Luster kommune Ny Fortun transformatorstasjon

Luster kommunestyre handsama høyringsfråsegn til ny Fortun transformatorstasjon i sak 22/23. Teksten under er kommunestyret si vedtekne fråsegn. Vedlagt ligg også melding om politisk vedtak, der kommunestyret si handsaming går fram.

1. Innleiing

Luster kommune syner til høyringsbrev frå NVE 7.2.23, der Luster kommune vert invitert til å gje høyringsfråsegn til Statnett SF sin søknad om konsesjon for bygging av en ny Fortun transformatorstasjon i Luster, og Linja AS sin søknad om å bygge nytt, innandørs 132 kV koplingsanlegg i eige bygg ved sidan av Statnetts stasjon.

Luster kommune meiner det er positivt at dagens transformatorstasjon vert erstatta av ein ny og framtidssikker stasjon som stettar behova lokalt, regionalt og nasjonalt. Ein ny transformatorstasjon vil vere framtidssikker, bygd for 420 kV, og vil også vere meir driftssikker enn eksisterande transformatorstasjon. Industrien i Årdal er avhengig av sikker kraftleveranse, og ny transformatorstasjon vil auke leveringssikkerheita. Samstundes vi auka kapasitet i stasjon og linjenett opne for at vasskraftprosjekt som er gjevne konsesjon kan få moglegheit til å levere inn i nettet, ein føresetnad for at desse kan byggjast.

Luster kommune har difor ei positiv haldning til prosjektet, men har likevel fleire moment som vi meiner at NVE må vurdere nøye i handsaminga av konsesjonssøknaden. Eit gassisolert anlegg (såkalla GIS anlegg) vil vere meir arealeffektivt. Denne løysinga har Statnett valt å satse på andre plassar og bør vurderast i Fortun. Sjølv om anlegget i seg sjølv er eit samfunnskritisk anlegg, skjer det store inngrep som råkar natur, grunneigarar, bygd og andre. Det er difor viktig at det vert stilt tydelege krav til at løysingane som vert bygt ut, er dei best tilgjengelege når ulike interesser er vega opp mot einannan. Vi vil i vår høyringsuttale ha særleg merksemd på:

- Landbruksomsyn
- Naturmangfald
- Infrastruktur

Postadresse	Telefon	Kontonr.	E-post
Luster kommune Postboks 77 6866 Gaupne	+ 47 57 68 55 00	3785 07 00142 Org.nr. 964 968 241	postmottak@luster.kommune.no Heimeside http://www.luster.kommune.no

- Påverknad på landskapsrommet
- Andre generelle innspel

Vi understrekar at kommunen ikkje har samla inn alle høyringsinnspele frå andre interesserantar, og har difor ikkje gjort eigne vurderingar av desse. Denne oppgåva ligg sjølvsgatt til NVE, og vi legg vi til grunn at NVE vurderer innkomne merknadar nøyne og vurderer om det kjem inn ny kunnskap og nye spørsmål frå høyringspartar som krev ytterlegare undersøkingar og kunnskapsinnhenting. Med eit så stort inngrep er det viktig at desse prosessane er gode. Luster kommune har opplevd prosessen så langt som grundig og god, og legg til grunn at den også vert det fram mot vedtak i konsesjonssøknaden.

2. Landbruksomsyn

Omsøkte Fortun transformatorstasjon vil medføre svært store konsekvensar for landbrukseigedommar i Fortun, både for dagens og framtidig drift. Tiltaka er omfattande og vil medføre negative verknader for landbruk, naturmangfold, landskap og ev kulturminner. Permanent arealbruk er grovt anslege til å vere om lag 44 000 m². Av dette er om lag 22 000 m² fulldyrka jord, og om lag 1 300 m² innmarksbeite.

Omsøkte transformatorstasjon vil medføre at 5 eigedomar vil måtte avstå grunn. I landbrukssamanheng er det fyrst og fremst gbnr. 8/1 og 8/3 som vil få redusert driftsgrunnlaget sitt vesentleg. Gbnr. 8/1 må avstå grunn på om lag 25,5 daa, og gbnr. 8/3 må avstå om lag 17,2 daa. For gbnr. 8/3 vil tiltaket mellom anna kunne medføre at landbrukseigedomen kjem under grensa for lovbestemt buplikt, og vil påverke busetjingsomsynet negativt i eit lengre perspektiv.

Statnett viser til at ca. 8,6 daa av dette vil vere potensielt erstatningsareal for tapt jordbruksmark (D-2). Kommunen meiner dette i mindre grad kan reknast som erstatningsjord då mesteparten av arealet i D-2 allereie er registrert som fulldyrka jord. Vidare stiller kommunen seg kritisk til at så store jordbruksareal vert nedbygd, og viser til den nasjonale jordvernstrategien med mål om å omdisponere mindre enn 3000 daa matjord innan 2025.

For Linja sin søknad vil det samla omsøkte arealet medføre at 1,5 daa totalt vert frigjort. Statnett frigjer ca 1,5 daa i sin søknad, koblingsanlegg og trafoar.

Tiltaka vil medføre ulemper for berørte grunneigarar, det gjeld mellom anna spreiing av gjødsel nær ledningstrasèen.

Landbruksveg

Statnett har søkt om endra trasé for landbruksveg forbi transformatorstasjonen, jf. vedlegg 2 i søknaden. Det gjeld ein ny permanent traktorveg (alternativ 1).

03.03.2023 sendte Statnett høyringsbrev til kommunen om framlegg om ny løysing for landbruksvegen mot Kveinahagen, i brev omtala som alternativ 2 på austsida av stasjonen. Når det gjeld omlegging av landbruksvegen er det viktig at grunneigarane sine innspel og behov vert lagt vekt på. Alternativ 2 beslaglegg mindre areal dyrka mark enn alternativ 1, og er ut i frå omsyn til jordvern ei betre løysing enn alternativ 1 som opphavleg omsøkt. Dersom

vegtraséen vert endra etter høyring, vil alternativ 2 bli omsøkt gjennom tilleggssøknad til NVE.

Kommunen har følgjande merknader:

- Dersom det føreligg alternativ plassering av traftasjen må dei vurderast. Jf. pkt. 5.1 var det opphaveleg 9 ulike stasjonspllasseringar. Enkelvis dokumentasjon og vurderingar kvifor den andre 8 falt ut manglar. Dette er ein mangel i søknaden.
- Negative verknader for landbruk og lokalsamfunn må avgrensast og minimaliserast. Ein bør sjå på høve for å optimalisere plasseringa for å redusere tap av dyrka mark.
- Statnett må vidareføre dialogen med grunneigarane, grunneigarane må også sikrast medverknad i påfylgjande MTA-plan.
- Beslaglagt jordbruksareal må kompenserast i vesentleg større grad enn planlagt søkt om og «netto null»- rekneskap etterstrevast i samsvar med nasjonal jordvernstrategi. Så langt råd er skal areal i same arealkategori og same kvalitet for den enkelte grunneigar erstattast med tilsvarende areal, sekundært for landbruket i lokalområdet.
- Plassering av massane i D2 bør vurderast disponert anleis av omsyn til naturreservatet Drægnismorki- Yttrismorki, Yttri Naturbeitemark og naturmangfaldet. Overskotsmasser må i større grad nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal eller til anna samfunnsnytte i kommunen, fortrinnsvis i Fortun.
- Matjord må handterast slik at ressursen vert ivaretaken, retningslinjer for mellomlagring av matjord må føreligge.
- Statnett og Linja må gje full kompensasjon for driftsulemper og avlingstap som følge av permanente installasjonar og anleggsverksemd, både i anleggsperioden og etterpå.
- Anleggsperioden må ta omsyn til vekst- og beitesesongen, anleggsområde må sikrast for beitedyr osv.
- Referanselista burde vore gjort tilgjengeleg for å enklare innhente fullstendig informasjon.

Kommunen opplever at det har vore god dialog mellom Statnett og kommunen. Kommunen forventar at det i MTA-planen vert sett fokus på avbøtande og kompenserande tiltak, og erstatning for tap av dyrka mark.

Vidare er kommunen kjent med at Statnett har søkt om bistand til landbruksfagleg kompetanse gjennom Norsk Landbruksrådgjeving (NRL) og Nibio. Det gjeld mellom anna vurdering av eksisterande og nye jordbruksareal, utveljing og rangering av område som kan setjast i stand som kompenserande areal, og bistand for å sikre rett oppbygning av nye jordbruksareal. Dette ser kommunen på som svært positivt. Men av di dette arbeidet vil skje på barmark etter at høyringsfristen er gått ut, veit ein ikkje korleis det vil slå ut. Kommunen legg til grunn at dei landbruksfaglege råda frå NRL vert fylgde og at Statnett etterstrevar å oppnå «netto null tap» fortrinnsvis for den enkelte grunneigar, dette i god dialog med berørte grunneigarar og jordbrukarar. Utover dette stiller kommunen spørsmål om det er føreteke tilstrekkeleg konsekvensutgreiing som belyser konsekvensane tiltaka medfører. Dette gjeld både for landbruk og for biologisk mangfald.

3. Naturmangfald

Det er i søknaden føreslege 2 permanente massedeponi (D-1 og D-2) på maksimalt hhv. 21 000m³ og 66 000 m³. Deponiområda er kvar for seg vurdert av Miljøfagleg utredning med føreslegne avbøtande og kompenserande tiltak. Statnett har tolka resultatet av desse på anna måte enn representantar for lokalbefolkinga i Fortun. Kommunen legg til grunn til NVE nyttar § 8 i naturmangfaldlova om kunnskapsgrunnlaget i den vidare vurderinga, og at føreslegne deponi vert vurdert etter naturmangfaldlova § 8-12.

Kommunen oppfordrar vidare NVE til å vurdere korleis tiltaka, særleg D-2, vil kunne påverke naturreservatet Drægnismorki- Yttrismorki og naturmangfaldet. Samt vurdere om verdiane er tilstrekkeleg vurdert jf. naturmangfaldlova § 49 (utanforliggende verksemde som kan medføre skade inn i eit verneområde).

Naturreservatet Drægnismorki- Yttrismorki vil kunne bli berørt ved forankring av leidning i bakken når 300 kV leidning mellom Fortun og Leirdøla skal leggast om til ny stasjon. Sjølv arbeidet er unntake dispensasjonshandsaming i verneforskrifta. Arbeidet er forventa å kunne gjennomførast utan terregngtransport og spesielle inngrep. Søknad skal sendast kommunen som forvaltningsmynde for naturreservatet.

I D-2 ligg Yttri Naturbeitemark. Her er det registrert semi-naturleg eng. Statnett har føreslege at eit avbøtande tiltak for arealbruk og tapt semi-naturlig eng, kan vere å tilrettelegge for pollinatorar ved å anlegge ei lågtveksande blomstereng / kløvereng med frøblanding. Nibio har på oppdrag av Statnett komme med anbefaling av eigna arter for området.

Deponia og evt. avbøtande tiltak er forventa nærmare beskrive i MTA-fasen.

Det er elles særskilt viktig at ein sikrar at ein ikkje spreier planteskadegjerarar eller introduserer nye artar. En må være nøyne med flytting av maskiner, utstyr og matjord, slik at ein ikkje endrar naturmangfaldet i området meir enn det som er naudsynt.

I Linja AS sin søknad er det tydleg at nye luftledningar vil medføre ein negativ konsekvens for fuglelivet i området. Kommunen legg til grunn at fugleavbøtande tiltak og at generell skånsom åtferd med anleggsmaskiner i følsame og sårbare område må på vurderast i påfylgjande MTA-plan.

3. Infrastruktur

Luster kommune vil kommentere følgjande infrastrukturelle forhold i forbindelse med gjennomføring av tiltaket. Ein tek for seg transportstrekningen frå Skjolden til Fortun:

3.1 Kaihakk Skjolden brygge

På flyfoto under ser ein kaihakket som er laga for å ta trafo på land. Ved den raude prikken er eksisterande pullert. Ny trafo skal takast på land her, og Statnett har ein tinglyst rett til å bruke dette kaihakket også framover. Som ein del av opprusting av kaihakket, så skal det no etablerast 2 pullertar. Luster kommune legg til grunn at dette kaihakket er svært viktig av beredskapsomsyn, då ein her har ein plass ein også kan ta inn trafoar ved seinare anledningar dersom det er naudsynt å bytte ut den til ein kvar tid beståande trafo.


Kaihakket ligg i eit område som har vorte utvikla til turistføremål, og ein ser på reguleringsituasjonen under at dersom område B1 hadde vorte bygd ut i tråd med byggegrense, så hadde dette kaihakket vore vanskeleg å nytte vidare for å ta inn trafoar eller liknande. Ein ser også at det er regulert for næringsbebyggelse nord for kaihakket. Der er det i dag eksisterande bygg her, men desse vert vurdert rive og erstatta med utleigeeiningar. Det kan gå greitt med bygningsmasse, men utleigeeiningane kjem til å medføre parkeringsbehov, areal for utandørs opphold og likande.

For å sikre kaihakket samt at området elles kan nyttast i tråd med det kommunale plansystemet, ber Luster kommune om at Statnett bidreg til endring av gjeldande plansituasjon i området. Som eit minimum må Statnett tydeleg definere sitt behov til areal som må sikrast for at kaihakket skal ha tilstrekkeleg funksjonalitet i framtida.





3.2 Trafikksikker veg/ forhold til andre aktørar ved transport

Luster kommune legg til grunn at det vert mykje transport frå Skjolden til den nye trafoen i Fortun. Sjølve transformatoren er ein ting, det ordnar seg, men det ligg i korta at det vert mykje masseleveransar frå Skjolden også. Skjolden har cruisekai, og pt rundt 25 anløp i sumarhalvåret. På desse dagane så er det mykje gåande langs fv 55 ved Eidsvatnet, noko som kan føre til farlege situasjonar. Luster kommune har regulert inn turveg langs Eidsvatnet, jf flyfoto og reguleringsplan under. Denne kryssar over Fortunselva, og er atkomst til det freda huset til den austriisk-britiske filosofen Ludwig Wittgenstein som ligg nord for Eidsvatnet. Dette er eit kjend turmål i Skjolden, og som vert marknadsført for cruiseturistane. Som avbøtande tiltak for trafikksikkerheita, meiner Luster kommune at denne turvegen må etablerast før arbeidet startar opp, og at Statnett vert pålagd å bygge denne.



3.3 Området aust for Grøtshølet

I sumarhalvåret er det mykje trafikk over Sognefjellet, slik at vegen mellom Skjolden og Fortun har relativt høgd døgntrafikk, og mykje turistbussar. Det er eit parti aust for Grøtshølet, jf kart og flyfoto under, der strekkvis vegen er for smal for to møtande bilar, og i alle fall for lastebil og buss. Sjølv om nok strekket er breitt nok for trafoen, bør det gjerast utbetringstiltak langs dette strekket for å unngå store trafikkale problem som eit resultat av massetransporten i området.



3.4 Bru ved Fortun bensinstasjon


Luster kommune er kjend med at Statnett planlegg å gjere noko med bruva på fv. 55 ved Fortun bensinstasjon, jf. kart under. Kommunen har også forstått at det endå ikkje er bestemt kva som faktisk må gjerast. For Luster er det tre ting som er viktig at uansett korleis ein vel å løyse dette:

1. Løysinga ein sit att med til slutt må vere framtidsretta og tåle denne type laster også i framover. Ein bør vurdere å byggje ny bru i samsvar med krav til dagens standard og legge om vegen for å utbetre kurvaturen.
2. At arbeidet med bru vert organisert slik at trafikkavviklinga vert flytande på vanleg måte. Dette vil truleg medføre at det må byggast ei avlastningsbru.
3. Fortun bensinstasjon er viktig for lokalsamfunnet, og kommunen legg til grunn at arbeidet ikkje vert til hinder for deira daglege drift. Det er også viktig at det er god dialog med drivarane av stasjonen, og at ein kan få ein synergieffekt ved at det vert lagt til rette for framtidig næringsutvikling hjå dei.



3.5 Utbetring av sving nord for Fortun sentrum

Luster kommune har forstått at det må gjerast nokre tiltak på denne svingen for å få fram trafoen. Luster kommune legg til grunn at utbetringa vert meir enn berre ei minimumsløysing for å få fram trafoen. Dette er ein sving som er trong og uoversiktleg, og med det behovet som er for massetransport, vil det vere naudsynt med ein sving som gjer at to lastebilar greitt kan passerer kvarandre, samt at det vert naudsynte siktforhold.



3.6 Eksisterande bru over mot Yttri-gardane

Det har vore eit tema kva som skal skje med den eksisterande bruhaugen. Luster kommune ser ikkje at dei er eigar av bruhaugen, men meiner uansett at denne bør fjernast når ny bru er etablert.



3.7 Framkommeleighet for landbruksmaskiner

Fortun er ei viktig landbruksbygd, og det er tider på året der det er viktig at ein kan ferdast fritt med omsyn til drift. Luster kommune tenkjer spesielt på i forbindelse med våronn og slått, der ein er avhengig av å kunne gjøre naudsynt arbeid når været tillet det. I desse periodane vil det vere mykje frakt av utstyr og avling langs vegane, og det er svært viktig at arbeid med ny trafo ikkje sperrar vegane i desse periodane. Skal så skje, må det finnast avbøtande tiltak. Dette er svært intensive periodar for gardbrukarane, og det må leggast til rette for at deira drift går saumlaust.

3.8 Brakkerigg/ plassering dieseltankar og liknande

Luster kommune legg til grunn at plassering av brakkerigg og utstyr som dieseltankar og liknande vert avklara gjennom konsesjonsprosessen, og at desse går fram av MTA-planen eller liknande. Brakkerigg må etablerast slik at den kan koplast til godkjend vatn- og avlaupsanlegg, og maskinell og vedlikehaldsutstyr/ drivstoff får ei plassering som gjer at det ikkje medfører fare for forureining av omgjevnaden og ikkje minst elva.

4. Påverknad på landskapsrommet

Dersom endelig løysing vert at nye Fortun trafostasjon vert plassert slik Statnett har omsøkt, så vil denne vere eit uheldig element i landskapsrommet. Plassering av tomt er relativt midt i dalen, og godt synleg frå ange kantar, spesielt dersom ein kjem oppover dalen. No skjønar Luster kommune at dette er ein type tiltak som må synes, men ber om at det vert gjort tiltak for å dempe den visuelle effekten av installasjonen. Dette med tanke på både fastbuande og at dette er innfartsåra til Nordanstidalseter som ligg langs rutenettet mellom Jotunheimen nasjonalpark/ Sognefjellet og Breheimen nasjonalpark.

Luster kommune registrerer at steinformasjonen rett sør for trafostasjonen vert ivaretaken. Denne vil dempe noko av inntrykket av stasjonen i bakkant, med det bør vere muleg å gjere noko meir. Etablering av tre/ busker, falske fasadar eller liknande som dempar inntrykket i landskapet. Slike tiltak bør gå fram av MTA-plan.



5. Andre generelle innspel

Som nemnt innleiingsvis så vil eit tiltak av denne storleiken ha vesentleg påverknad for dei som bur, eig eideommar eller elles oppheld seg i Fortun. Luster kommune har som nemnt ikkje gått inn i andre høyringspartar sine innspel, men frå prosessen og deltaking synfaring, bygdemøte og elles kontakt med lokalsamfunnet forstår vi at det det mange innspel om avbøtande tiltak. På generelt grunnlag vil vi oppmode NVE å vurdere å pålegge avbøtande tiltak som gjev positiv effekt attende til lokalsamfunnet. I den grad NVE ikkje vil pålegge slike tiltak, så vil vi oppmode Statnett om å vurdere slike tiltak på eige grunnlag.

Fortun har gjeve areal til storsamfunnet sine interesser tidlegare, og vil truleg gjer det i denne omgang også. Då er det rimeleg at storsamfunnet gjev attende, også om det er avbøtande tiltak som ikkje er direkte knytt til anleggsaktiviteten. Døme på dette kan vere tilrettelegging for idrett, aktivitetar, friluftsliv, turvegar m.m.

Når det gjeld næringsutvikling så meiner Luster kommune at det er viktig at Statnett og Luster kommune har eit tett samarbeid i utarbeiding av MTA-planen, slik at det kan vurderast om det er massar som kan nyttast til samfunnsnyttige tiltak som vegutbetring, opparbeiding av næringsareal eller liknande, framfor deponering.

Med helsing

Ole Gunnar Krakhellen
stabsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.

Vedlegg
Høyring - Ny Fortun transformatorstasjon

Kopi til
Ivar Kvalen Ordførar
Jarle Skartun Rådmann
Statnett SF